



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 27.06.2012

---

**Sak nr.:** 12/3036-9

**Internt l.nr.:** 24278/12

**Sak:** 88/12

**Tittel:** Ny heilskapleg verdsarvpolitikk

**Behandling:**

**Frå hovudutval for kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane viser til Miljøverndepartementet sitt høyringsdokument. «Ny, helhetlig verdensarvpolitikk» og sluttar seg til behovet for å utvikle ein heilskapleg nasjonal verdsarvpolitikk. Fylkesutvalet ber om at følgjande punkt vert lagt til grunn for ein slik politikk:

1. Organisering av verdsarvråd, verdsarvsenter/formidlingssenter og koordinator ved kvart einskild verdsarvområde må få ei utforming som styrkar lokal og regional forankring og oppfølging av verdsarvarbeidet.
2. Verdsarvpolitikken må bidra til å styrke etablerte lokale og regionale fagmiljø og institusjonar. Dette gjeld til dømes Musea i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforsking. Slike institusjonar vil kunne bidra med sin kompetanse innafør forsking, forvaltning og formidling.
3. Det overordna ansvaret for verdsarvpolitikken må framleis ligge til staten. Dette må og gjelde ansvaret for å finansiere organisatoriske grep og konkrete tiltak som skal sikre at verdsarvverdiane vert haldne oppe og vidareutvikla.
4. Samordninga av statleg politikk gjennom eit nasjonalt verdsarvutval vil vere positivt for å sikre ei heilskapleg nasjonal forankring, politisk samordning og ikkje minst for å optimalisere verkemiddelbruken knytt til mål for verdsarvarbeidet.
5. Bruk av forvaltningsplanar vil kunne bli eit nyttig supplement som styringsverktøy i arbeidet med å sikre verdsarvverdiane. Som regional utviklingsaktør vil fylkeskommunen arbeide for at slike planar vert innlemma i kommunale og fylkeskommunale plandokument.

Fylkesutvalet viser og til vurderingar gitt i saksutgreiinga kap. 4.

---

### Frå hovudutvalet for plan og næring låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane viser til Miljøverndepartementet sitt høyringsdokument. «Ny, helhetlig verdensarvpolitikk» og sluttar seg til behovet for å utvikle ein heilskapleg nasjonal verdsarvpolitikk. Fylkesutvalet ber om at *følgjande punkt* vert lagt til grunn for ein slik politikk:

1. Organisering av verdsarvråd, verdsarvsenter/fornidlingssenter og koordinator ved kvart einskild verdsarvområde må få ei *utforming* som styrkar lokal og regional forankring og oppfølging av verdsarvarbeidet.
2. Verdsarvpolitikken må bidra til å styrke etablerte lokale og regionale fagmiljø og institusjonar. Dette gjeld til dømes Musea i Sogn og Fjordane og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Slike institusjonar vil kunne bidra med sin kompetanse *innafor* forskning, forvaltning og *fornidling*.
3. Det overordna ansvaret for verdsarvpolitikken må *framleis ligge til staten*. Dette må og gjelde ansvaret for å finansiere organisatoriske grep og konkrete tiltak som skal sikre at verdsarvverdiane vert haldne oppe, vidareutvikla og bidreg til lokal og regional verdiskaping.
4. Samordninga av statleg politikk gjennom eit nasjonalt verdsarvutval vil vere positivt for å sikre ei heilskapleg nasjonal forankring, *politisk samordning* og ikkje minst for å optimalisere verkemiddelbruken knytt til mål for verdsarvarbeidet.
5. Bruk av forvaltningsplanar vil kunne bli eit nyttig supplement som styringsverktøy i arbeidet med å sikre verdsarvverdiane. Som regional utviklingsaktør vil fylkeskommunen arbeide for at slike planar vert innlemma i kommunale og fylkeskommunale plandokument.

Fylkesutvalet viser og til vurderingar gitt i saksutgreiinga kap. 4.

#### **Endringsframlegg:**

Fylkesutvalet gjorde framlegg om slikt tillegg i punkt 3 i tilrådinga frå hovudutval for kultur:

Dette må og gjelde ansvaret for å finansiere organisatoriske grep og konkrete tiltak som skal sikre at verdsarvverdiane vert haldne oppe, vidareutvikla og bidreg til lokal og regional verdiskaping.

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til nytt punkt 6:

Fylkesutvalet vil understreka behovet for gode levevilkår og næringsutvikling i verdsarvområda. Det er viktig å ha fokus på det *handlingsrommet innbyggjarane og næringsliv* treng for å drive og skape næringsverksemd. Næringslivet må delta i samarbeidsorgan og prosjektarbeid.

#### **Avrøysting:**

Endringsframlegga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.

Tilrådinga frå hovudutval for kultur vart samrøystes vedteken.

### **Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane viser til Miljøverndepartementet sitt høyringsdokument. «Ny, helhetlig verdensarvpolitikk» og sluttar seg til behovet for å utvikle ein heilskapleg nasjonal verdensarvpolitikk. Fylkesutvalet ber om at følgjande punkt vert lagt til grunn for ein slik politikk:

1. Organisering av verdsarvråd, verdsarvsenter/formidlingsenter og koordinator ved kvart einskild verdsarvområde må få ei utforming som styrkar lokal og regional forankring og oppfølging av verdsarvarbeidet.
2. Verdsarvpolitikken må bidra til å styrke etablerte lokale og regionale fagmiljø og institusjonar. Dette gjeld til dømes Musea i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning. Slike institusjonar vil kunne bidra med sin kompetanse innafør forskning, forvaltning og formidling.
3. Det overordna ansvaret for verdsarvpolitikken må framleis ligge til staten. Dette må og gjelde ansvaret for å finansiere organisatoriske grep og konkrete tiltak som skal sikre at verdsarvverdiane vert haldne oppe, vidareutvikla og bidreg til lokal og regional verdiskaping.
4. Samordninga av statleg politikk gjennom eit nasjonalt verdsarvutval vil vere positivt for å sikre ei heilskapleg nasjonal forankring, politisk samordning og ikkje minst for å optimalisere verkemiddelbruken knytt til mål for verdsarvarbeidet.
5. Bruk av forvaltningsplanar vil kunne bli eit nyttig supplement som styringsverktøy i arbeidet med å sikre verdsarvverdiane. Som regional utviklingsaktør vil fylkeskommunen arbeide for at slike planar vert innlemma i kommunale og fylkeskommunale plandokument.
6. Fylkesutvalet vil understreka behovet for gode levevilkår og næringsutvikling i verdsarvområda. Det er viktig å ha fokus på det handlingsrommet innbyggjarane og næringsliv treng for å drive og skape næringsverksemd. Næringslivet må delta i samarbeidsorgan og prosjektarbeid.

Fylkesutvalet viser og til vurderingar gitt i saksutgreiinga kap. 4.

Saksbehandlar: Eva Moberg  
Avdeling: Kulturavdelinga  
Sak nr.: 12/3036-2

---

## Ny heilskapleg verdsarvpolitikk - uttale

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding:**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane viser til Miljøverndepartementet sitt høyringsdokument. «Ny, helhetlig verdensarvpolitikk» og sluttar seg til behovet for å utvikle ein heilskapleg nasjonal verdsarvpolitikk. Fylkesutvalet ber om at følgjande punkt vert lagt til grunn for ein slik politikk:

1. Organisering av verdsarvråd, verdsarvsenter/formidlingssenter og koordinator ved kvart einskild verdsarvområde må få ei utforming som styrkar lokal og regional forankring og oppfølging av verdsarv arbeidet.
2. Verdsarvpolitikken må bidra til å styrke etablerte lokale og regionale fagmiljø og institusjonar. Dette gjeld til dømes Musea i Sogn og Fjordane og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Slike institusjonar vil kunne bidra med sin kompetanse innafor forskning, forvaltning og formidling.
3. Det overordna ansvaret for verdsarvpolitikken må framleis ligge til staten. Dette må og gjelde ansvaret for å finansiere organisatoriske grep og konkrete tiltak som skal sikre at verdsarvverdiene vert haldne oppe og vidareutvikla.
4. Samordninga av statleg politikk gjennom eit nasjonalt verdsarvutval vil vere positivt for å sikre ei heilskapleg nasjonal forankring, politisk samordning og ikkje minst for å optimalisere verkmiddelbruken knytt til mål for verdsarv arbeidet.
5. Bruk av forvaltningsplanar vil kunne bli eit nyttig supplement som styringsverktøy i arbeidet med å sikre verdsarvverdiene. Som regional utviklingsaktør vil fylkeskommunen arbeide for at slike planar vert innlemma i kommunale og fylkeskommunale plandokument.

Fylkesutvalet viser og til vurderingar gitt i saksutgreiinga kap. 4.

### Vedlegg:

Miljøverndepartementet sitt høyringsdokument. «Ny, helhetlig verdensarvpolitikk»

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Samandrag

Miljøverndepartementet har sendt forslag til ein ny heilskapleg verdsarvpolitikk på høyring. Hovudkonklusjonane frå høyringsdokumentet og eventuelle vurderingar frå høyringsrunden vil bli innarbeidd i ei stortingsmelding for kulturminne som kjem i 2013.

Høyringsframlegget legg opp til å tydeleggjere ansvar og roller i verdsarvarbeidet og kjem med forslag til organisering i form eit tverrsektorielt verdsarvutval på departementsnivå, verdsarvråd, verdsarvsentre og verdsarvkoordinatorar ved kvart einskild verdsarvområde og ein felles formidlings-, utdannings- og informasjonsstrategi for den norske verdsarven.

Vidare vert det tilrådd at alle norske verdsarvområde har ein *relevant forvaltningsplan* for verdsarven innan utgongen av 2014. Ansvar for å utarbeide og revidere forvaltningsplanane er tenkt lagt til verdsarvråda.

Fylkesrådmannen støtter opp under hovudkonklusjonane og tilrådingane i høyringsframlegget.

## **2. Bakgrunn**

Miljøverndepartementet har sendt forslag til ein ny heilskapleg verdsarvpolitikk på høyring.

Noreg sin ambisjon er at dei norske verdsarvområda skal utviklast som *fyrtårn for den beste praksisen* innafor kultur- og naturforvaltning. Miljøverndepartementet meiner det er behov for og gjere synleg ansvar, utfordringar, prioriterte oppgåver og strategiar/tiltak for å nå dette målet. Vidare at det er behov for å forankre arbeidet med verdsarven betre, både nasjonalt, regionalt og lokalt, tydeleggjere rollene for å betre rutinar, og for å koordinere arbeidet betre.

Hovudkonklusjonane frå høyringsdokumentet og eventuelle vurderingar frå høyringsrunden, vil bli innarbeidd i ei stortingsmelding for kulturminne som kjem i 2013.

## **3. Dei norske verdsarvområda**

Urnes stavkyrkje i Luster og Bryggen i Bergen vart skrivne inn på verdsarvlista i 1979, bergstaden Røros og bergkunsten i Alta i 1980, kulturlandskapet på Vegaøyan i Nordland i 2004, Vestnorsk fjordlandskap i Geiranger og Nærøyfjorden og Struves Meridianbue i 2005.

Noreg arbeider no med fire nye nominasjonar til verdsarvlista, der ein av desse er den transnasjonale serienominasjonen av kulturminne frå vikingtida. Kvernsteinsbrota i Hyllestad inngår i denne nominasjonen.

## **4. Vurderingar**

Tilrådingane frå Miljøverndepartementet er framstilt punktvis i kapittel 2 i høyringsdokumentet og nærare utdjupa i kapittel 4. Fylkesrådmannen har gjort følgjande vurderingar knytt til kvart tema:

### **4.1. Organisering, aktørar og samarbeid**

Fylkesrådmannen vurderer det som positivt at det vert gjort eit samla grep for å styrke, tydeleggjere og koordinere forvaltninga av dei norske verdsarvområda og at ein legg vekt på å vidareføre ordningar og modellar som har vist seg å fungere godt. Det er også positivt at ein legg vekt på god lokal og regional forankring av verdsarvarbeidet.

Sogn og Fjordane har to verdsarvområder, Urnes og Vestnorsk Fjordlandskap. Urnes vart skrivne inn tidleg og har ei fagleg-administrativ forankring/organisering. Erfaringar frå verdsarvarbeidet i Vestnorsk Fjordlandskap, der det er etablert ei verdsarvråd med politisk-administrativ forankring/organisering, er at dette har gjeve gode resultat i form av lokalt og regionalt eigarskap til forvaltninga. Fylkestadmannen vil støtte opp under etablering av eit tilsvarande verdsarvråd for Urnes.

Oppretting av ein koordinatorfunksjon knytt til dei einiskilde verdsarvsområda vil gje grunnlag for betre oppfølging av verdsarvarbeidet. Fylkesrådmannen meiner at dei små verdsarvsområda og må sikrast heile stillingar til dette arbeidet. For små område ligg det og utfordringar og omfattande arbeid i å sikre lokal medverknad, gjennomføre konkrete tiltak og formidle verdsarvverdiane til eit større publikum.

Eit tverrsektorielt samarbeid på departementsnivå vert oppfatta som positivt. Slik fylkesrådmannen vurderer det vil ei av dei viktigaste oppgåvene til verdsarvutvalet vere samordning av verkemiddelbruken. Ressursane vil då kunne bli koordinert og retta direkte til gjennomføring av tiltak som vert prioritert i forvaltningsplanane. Eit døme på ei vellukka satsing er den allereie etablerte ordninga med investerings- og driftstøtte frå Landbruks- og matdepartementet for å halde oppe beirelandskapet. Andre forslag til støtteordningar kan vere arkitekturfagleg hjelp, midlar til stadanalysar og støtteordning til registrering og vøling av gamle bygningar/bygningsmiljø utover bygningar med antikvarisk verdi.

#### 4.2. Lovverk og forvaltningsplan for verdsarven

Fylkesrådmannen oppfattar utarbeiding av forvaltningsplanar som eit godt styringsverktøy i arbeidet med å sikre verdsarvverdiane. Som regional utviklingsaktør er det naturleg for fylkeskommunen å arbeide for at forvaltningsplanane vert innlemma i relevante kommunale og fylkeskommunale plandokument.

#### 4.3 Buffersoner

I arbeidet med nominasjon av kvernsteinsbrota i Hyllestad og i arbeidet med utarbeiding av forvaltningsplan for Urnes har fylkeskommunen og kommunane gjort seg ein del erfaringar med definering av buffersoner rundt verdsarvområda. Dette synes å vere eit godt verktøy, spesielt i forhold til avklaring av visuell påverknad på verdiane i områda. Å innarbeide buffersonene i kommuneplanen sin arealdel, vil bidra til å gje ein meir tydeleg og føreseieleg arealpolitikk knytt til forvaltninga av areal som grenser inn mot verdsarvområda.

#### 4.4. Overvaking og rapportering

Fylkesrådmannen finn det positivt at Statens naturoppsyn kan få ein klarare definert rolle når det gjeld oppsyn med og overvaking av verdsarvområda der dette er naturleg.

#### 4.5. Sentra for verdsarven

Fylkesrådmannen finn det positivt at ein legg opp til formidlingsarenaer knytt til verdsarvområda. Det vil vere naturleg at staten tek eit større finansielt ansvar for drift av desse enn det som går fram av høyringsdokumentet, då dei vil ha funksjon som nasjonale verdsarvsentra. I verdsarvområdet for Vestnorsk Fjordlandskap er det naturleg å vurdere to verdsarvsentre, då både Nærøyfjorden og Geiranger kan definerast som lokale samlingsstader.

Det er positivt at formidlinga kan bli knytt opp mot allereie eksisterande formidlingsinstitusjonar. I Sogn og Fjordane er det fleire museum og institusjonar som har erfaring innafor kulturhistorisk forvaltning og formidling. Desse kan bli vurdert som aktuelle for å inkludere eit verdsarvsenter i sitt miljø. I den grad ein vurderer nyetableringar, bør ein kunne forvente minst 50 % statlege investeringsbidrag.

#### 4.6. Formidling

Fylkesrådmannen finn det positivt at den nye verdsarvpolitikken legg vekt på å styrke musea sin rolle i arbeidet med å forvalte verdsarven. Musca i Sogn og Fjordane har lang erfaring i formidlingsarbeid knytt til natur og kulturarven, i tillegg til at dei har godt etablert kompetanse på handverk og bygningsvern og mykje praktisk erfaring i varierte typar dokumentasjons- og skjøtselsarbeid. Dette er kompetanse som er særleg etterspurt i høve verdsarvforvaltning.

Fylkesrådmannen finn det og positivt at det no vert lagt opp til ein felles strategi for informasjon og formidling og at skilting skal inngå som del av dette. Verdsarven vil med dette få eit felles løft gjennom ei konkret kvalitetsmerking. Det vil vere viktig å inkludere vegstyresmaktene i dette arbeidet.

#### 4.7. Kunnskap og kompetanse

Fylkesrådmannen finn det positivt at ein legg til rette for eit utdanningstilbod innan tradisjonshandverk. Dette vil kome verdsarvområde til gode, men vil også kunne ha overføringsverdi til prosjekt utanfor verdsarvområda.

Vidare finn fylkesrådmannen det positivt at det vert lagt vekt på at sentrale forvaltningsaktørar kan delta på viktige arenaer for å bygge opp sin internasjonale kompetanse. Her bør ein også vurdere å inkludere lokale og regionale kompetanse- og forskingsmiljø.

#### 4.8. Skule og utdanning

Fylkesrådmannen finn det positivt at ein legg til rette for å inkludere besøkspakkar og verdsarvoppleingar i den kulturelle skulesekken og at det vert lagt opp til å utarbeide pedagogisk tilrettelagt informasjon til bruk i skulane. I Sogn og Fjordane har vi gode erfaringar frå undervisningsopplegget knytt til kvernsteinshistoria i Hyllestad, der ein legg vekt på at elevane får delta aktivt i handverksutøving og konkret formidling.

#### 4.9. Internasjonalt arbeid

Fylkesrådmannen finn det positivt at Noreg aukar sin kompetanse på verdsarv og forståing for den kunnskapen om dette som ligg utanfor Noreg. Det er og viktig at Noreg bidreg med kompetanse på dei område der vi kan gjere ein «forskjell» internasjonalt.

#### 4.10. Verdiskaping

Erfaringane frå verdiskapingsprogrammet 2006-2010, der mellom anna Nærøyfjorden Verdsarvpark var eit av pilotprosjekta, har vist at det er særleg viktig å byggje kunnskap, kompetanse og stoltheit hjå dei fastbuande. Dette opprettheld og styrkar det lokale eigarskapet, noko som er eit sær viktig bidrag i arbeidet for forsvarleg forvaltning og ivaretaking av verdsarvverdiane. Regionalparkmodellen viste seg også å vere ein god organisasjonsmodell der mange fekk høve til å ta del i partnerskapen og verdiskapinga.

Nærøyfjorden Verdsarvpark si deltaking i Verdiskapingsprogrammet har ført til auka fokus på vern og bruk av verdsarven på ein berekraftig måte. Deira "Verktøykasse for vertskap" vil kunne vere med på å auke bevisstheita til lokale næringsdrivarar og gje råd til korleis dei kan møte besøkjande og nytte verdsarven på ein berekraftig måte. I tillegg har dei i sitt prosjekt hatt fokus på istandsetjing av verneverdige bygg og støtta eigarane med søknadsskriving og praktiske råd om istandsetjing og bruk av bygningane. Dette er tiltak som bidrar til verdiskaping lokalt og som det er ynskjeleg vert vidareført også etter at Verdiskapingsprogrammet no er avslutta.

Fylkesrådmannen støttar opp om tilrådinga frå departementet om å gjc verdiskapingsprosjekt i verdsarvområda høg prioritet.

#### Finansiering

I tilrådingane frå Miljøverndepartementet ligg det ikkje inne konkrete punkt om finansiering av tiltak i verdsarvområda. Fylkesrådmannen meiner at staten sitt ansvar for finansiering av tiltak i

verdsarvområda må bli tydeleg. Dette kan skje anten som intensjonar og klargjering av ansvar og roller eller bli synleggjort gjennom ein eigen budsjettpost i dei relevante departementa.

## **5. Konklusjon**

Fylkesrådmannen vurderer den framlagde utgreiinga om ny heilskapleg verdsarvpolitikk som eit god grep for å styrke, tydeleggjere og koordinere forvaltninga av dei norske verdsarvområda. Organisering med verdsarvråd, verdsarvsenter og koordinator ved kvart einskild verdsarvområde vil styrke lokal og regional forankring og oppfølging av verdsarvarbeidet. Det overordna ansvaret for verdsarvpolitikken vil likevel måtte ligge til staten. Dette må og gjelde for finansiering av organisatoriske tiltak og for tiltak i områda som skal sikre at verdiane vert haldne oppe og vidareutvikla.

Det er positivt at ein vil etablere eit tverrsektorielt verdsarvutval, slik at ein kan oppnå nasjonal forankring, politisk samordning og ikkje minst å optimalisere verkemiddelbruken knytt til og nå mål i verdsarvarbeidet.

Sogn og Fjordane har to område som er skrivne inn på verdsarvlista og eit område som er under nominasjon. Med tre verdsarvområde i fylket, vil verdsarvpolitikken få ein sentral rolle i det regionale utviklingsarbeidet. Det er positivt at allereie etablerte institusjonar kan få ei rolle i dette arbeidet. Ikkje minst ser vi at Musca i Sogn og Fjordane og Høgskulen i Sogn og Fjordane naturleg vil kunne bidra med sin kompetanse innafor forskning, forvaltning og formidling.